

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I SUNNFJORD KAJAKKLUBB, 28.01.03

kl.19.00-21.15

Bergehuseet

Til stades:

Roald (til 19.45), Tove (til 19.45), Geir, Terje S, Kari, Terje H, Rune, Frank, Kjetil, Lars-Bjarte, Tore, Marit.

Ordstyrar: Rune

Referent: Marit.

Rune innleia med spørsmål om møtedeltakarane ville godkjenne innkallinga (etter reglar for avvikling av årsmøte var denne for seint utsend i høve til møtetidspunkt) . Ingen hadde merknadar til innkallinga.

* Årsmelding:

Det er leiar (Rune) som fører reknekap. Ettersom det i prosessen med å søkje tippemidlar kom krav at det må skrivast eigen rekneskap for naustet, er den endelege rekneskapen for 2002 ikkje ferdig. Rune hadde forslag om at det nye styret får i oppgåve å slutføre rekneskapen, og at denne så vert sendt årsmøtedeltakarane i etterkant av årsmøtet.

Det kom ingen innvendingar mot dette.

Rune kommenterte at økonomien både for naustet og for klubben er relativt god.

Årsmeldinga ellers blei opplest, og det var berre mindre endringar.

Tore kom med spørsmål om vi skal vente litt med vidare innreiing av naustet, for å kvile litt etter dugnadsinnsatsen i haust. Framover vil vi heller prioritere å gjere naustet ferdig utvendig, og lage til utearealet.

Det blei drøfta kva pris medlemmane skal betale for leige av oppbevaringsplass for eigen kajakk i naustet. Denne prisen blei sett til kr. 200 pr.år.

* Kontingentauke, evt. at nye medlemmar sin kontingent skal gå som kompensasjon til hjelpeinstruktør . Det er tale om å tilby padleinteresserte intro-kurs som eit første steg inn i klubben. Dette er tenkt som ei svært enkel innføring i padleteknikk og redningsteknikk.

Det blei diskusjon om kva krav ein skal stille til opplæring, før nye medlemmar kan vere med på tur- og treningsaktivitet i klubbregi.

Konklusjonen blei at medlemskontingennten framleis vert kr. 200.

Det vert ikkje stilt krav om å løyse medlemskap i klubben for å få vere med på enkel introduksjon til padleaktivitet. Klubbmedlemmar tek med seg evt. nye medlemmar til trening i basseng, og dei nye må vere med på å dele utgiftene til hall-leige.

* Forsikring: Det er ikkje aktuelt for klubbmedlemmane kollektivt å nytte seg Norges Idrettsforbund sitt tilbodet om forsikring

* Tryggleiksprosedyrer:

Framlegg om at det nye styret jobbar med saka fram til neste årsmøte

*Val:

Valnemda har fått melding om at Laila, Terje S og Terje H ynskjer å trekkje seg frå styret.

Etter valet ser styret slik ut:

Rune (frå før), Tove (frå før), Maren (ny), Frank (ny), Tore (ny) og Geir (vara).

Styret vil fortsetje med undergrupper:

Naustgruppe: Tore, Rune, Terje S, evt. med fleire

Turgruppe: LarsBjarte med fleire

Gruppe for redigering av heimeside: Rune, Roald, evt. m fleire

Medlemmar som ynskjer å vere med i desse gruppene kan melde seg til styret.

Referent: Marit Steinsund